

Handlingsplan for 2026



125^{ÅR}
VALDRES
FOLKEMUSEUM

Valdres Folkemuseum vart stifta 10. mars 1901 i Peisestuen på Fagernes hotell. I 2017 kom Peisestuen heim til Valdres Folkemuseum. Her står huset som eit levande minne om turisme, bygdeutvikling og regional identitetsbygging. I 2026 blir 125-årsjubileet markert med aktivitetar gjennom heile året.

Innhald

1. Innleiing
2. Rammer og styringsverktøy
3. Økonomi og administrasjon
4. Museumsfagleg arbeid og utvikling
5. Tiltaksplan 2026

Innleiing

Musea er viktige institusjonar i demokratiets skjøre infrastruktur. Musea forvaltar samfunnets største arkiv og samlingar. I arbeidet med historiske kjelder søker vi innsikt om eldre levemåtar, men òg inspirasjon til korleis vi kan forme våre eigne, moderne liv. Arkiv og samlingar er ikkje tause gravkammer, men aktivum til god samfunnsutvikling.

– No er det alvor, sa leiaren i Beredskapskommisjonen, Harald Sunde, for eit år sidan. Men vi kan ikkje mobilisere til frontlina åleine. Vi må òg forsvare eit velfungerande og kritiske tenkande sivilsamfunn. Her spelar kulturen og musea viktige roller. Som livsline for dei som mistar alt. Som kjelde til innsikt og refleksjon for alle oss andre.

Valdresmusea er ei moderne bedrift med 25 tilsette og ei omsetning på 26 mill. kroner (2025). Med det følgjer plikter om god økonomistyring og planar for museumsfagleg drift og utvikling. Tiltaksplanen speglar det økonomiske handlingsrommet. Dette følgjer av dei økonomiske vilkåra gitt av Stortinget og andre bidragsytarar, i tillegg til dei inntektene som museet skapar sjølv.

Arbeidsplanen følgjer opp ambisjonane og målsettingane slik desse er uttrykt gjennom styret sin strategi. Arbeidsplanen følgjer òg opp dei måla som styresmaktene ber oss følgje særleg opp, og elles dei pliktene som følgjer av avtaleverk, tilskottsbrev og samarbeidsavtaler.

Det har vore jamn vekst i det statlege tilskottet sidan 2008. I 2026 er dette på 15,4 mill. kroner. Det statlege tilskottet utgjer 78 % av det offentlege tilskottet, medan det kommunale utgjer 7 %. Dette er det sjuande svakaste i landet. Dagens avtale med kommunane vart prolongert fram til 31.12.2026, men styrets ambisjon er å få på plass ein ny driftsavtale med kommunane i løpet av 2026. Det samla offentlege tilskottet er i 2026 på 19,5 mill. kroner. Totalbudsjettet er på i underkant av 25 mill. kroner og viser eit resultat på kr. 9 400.

Med prosjektmidlar får museet realisert ei rekke tiltak som det elles ikkje ville vore mogleg å gjennomføre. Valdresmusea har per tid ein prosjektereserve på 10 mill. kroner. Prosjektmidlar utgjer saman med billettinntekter, kursinntekter og sal av varer og tenester dei *eigenskapte* inntektene. I 2026 er dei eigenskapte inntektene budsjettert til 3,2 mill. kroner.

Mangfald og inkludering er viktige perspektiv til arbeidet i musea. I etterkant av Sannings- og forsoningskommisjonens rapport i 2023 har Stortinget forsterka forventningane om at musea må legge betre til rette for dialog og inkludering, særleg overfor samar og minoritetar. Vi vil òg halde fram deltakinga i INKLU, eit prosjekt med mål om å styrke inkluderingsevna i reiselivet.

Samfunnet og demokratiet funkar ikkje om ikkje alle tek del i det. Men demokratisk sinnelag er ikkje noko som kjem av seg sjølv. Derfor må vi gjennom dialog og kunnskapsbygging syrgje for at dei unge får tilgang til eit mangfald av kjelder, kunnskap som dei kan stole på, og verktøy som gjer dei i stand til å samhandle med verda omkring. Gjennom innsatsar på dette området blir museet ein viktig del av demokratiet sin infrastruktur.

I 2026 held vi fram arbeidet med «Ung i dialogen». Dette er ei demokrati- og dialogprogram for elevar i den vidaregåande skulen. Prosjektet blir til i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea og Randsfjordmuseet og er støtta av Sparebankstiftelsen DNB med 3 mill. kroner.

Andre viktige innsatsar overfor barn og unge er handverkssatsingane «Kloke hender – unge talent», «Mathandverk og levande stølskultur», ei hospitantordning for unge handverkarar, DKS-tilbod og arbeid sommarstid. Ei detaljert tiltaksliste står bakast i dette dokumentet.

Valdresmusea er i stadig utvikling. I 2026 blir det jobba med ei rekke utgreiingssaker som *kan* få betydning for museets tilgang til ressursar i framtida. Sakane har forankring i styrets strategi, og dei bidreg til å nå måla med Stortingsmelding nr. 23 «Musea i samfunnet – Tillit, ting og tid».

Sakene blir berre stikkordsmessig nemnt her, men er grundig omtala i sak 15/2025 i styremøte i Valdresmusea. Dei åtte sakene gjeld: 1) fornya innsats for Bagnsbergatn, 2) skisse og kalkyle for ny instrumentverkstad på Valdres Folkemuseum, 3) søknad til kommunane og NVE om støtte til flaumsikringstiltak på Valdres Folkemuseum, 4) søknad til Kirkebevaringsfondet om støtte til eit formidlingsprosjekt, 5) arbeid med ny krigshistorisk utstilling på Bagn Bygdesamling, 6) utgreiing om regional organisering på kulturarvsområdet, 7) ny driftsavtale med valdreskommunane og 8) revisjon av vedtekter og strategi.

Ein vil òg ferdigstille planar for forskning og formidling, samt ei personal- og HMS-handbok.

Vi skal også feire i 2026. Då er det 125 år sidan framsynte menneske stifta museet på Fagernes. Jubileet blir markert med arrangement og feiring gjennom heile året. Sjå fram til boklansering, seminar, utvida skuleopplegg, blodklubb og jubileumskonsert i amfiet.

Fagernes 30. januar 2026

Ole Aastad Bråten
Direktør

Rammer og styringsverktøy

Valdresmusea skal overhalde norske lover og internasjonale konvensjonar som staten har slutta seg til, til dømes UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv. Valdresmusea skal følgje ICOM sitt etiske reglement. Ein ny museumsdefinisjon vart vedteke i 2022 og seier at:

Eit museum er ein ikkje-kommersiell permanent institusjon i samfunnet si teneste, som forskar på, samlar, konserverer, fortolkar og formidlar materiell og immateriell kulturarv. Muséa er opne for publikum, tilgjengelege og inkluderande, og fremjar mangfald og berekraft. Dei opererer og kommuniserer etisk og profesjonelt, legg til rette for brei deltaking frå samfunnet og tilbyr varierte opplevingar for utdanning, underhaldning, refleksjon og deling av kunnskap.

Tildelingsbrevet frå staten representerer det sterkaste offentlege styringssignalet og blir sendt kvart år etter at statsbudsjettet er vedteke i Stortinget. Tildelingsbrevet omtalar dei økonomiske rammene og krav til rapport og måloppnåing. Statstilskottet er i 2026 kr. 15 455 000. Av dette er i overkant av 5,4 mill. kroner øyremerka drifta av NBF.

Ein strategi er styrets viktigaste styringsverktøy. I 2022 fekk ein på plass ein strategi for perioden 2022–2030. Strategien meistar ut forventningar til drift og utvikling, og den drøftar tilgangen til kompetanse og ressursar. For Valdresmusea er det viktig å hegne om dei nasjonale oppgåvene. Det er desse oppgåvene som gir museet ein plass i det nasjonale museumslandskapet, og som sikrar auka tilskott til drift og investering. NBF ferdigstiller i 2026 sin eigen strategi. I 2026 blir det òg ferdigstilt ein strategisk femårsplan for Bautahaugen Samlinger.

Det kommunale tilskottet er på 1 mill. kroner. Dette nivået har vore uendra sidan 2019. I 2026 inviterer ein derfor kommunane til forhandling om ei ny avtale. Prosessen med evaluering av det regionale næringsapparatet *kan* få betydning for ressursflyten og arbeidsporteføljen til museet. Det same kan prosessen rundt styrking av bygningsvernrådsgjevarordninga.

Valdresmusea har avtale med Kulturdepartementet om drift av Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Valdres Natur- og Kulturpark om det regionale utviklingsarbeidet. Ein har avtale med Innlandet fylkeskommune om bygningsvern og privatarkiv, og Vestre Slidre kommune om drifta av Garbergfeltet.

Samarbeid og nettverk

Valdresmusea samarbeider med museumsvennelag på Fagernes og i Hedalen, med Valdres historielag, Valdres slektshistorielag, Stiftelsen Frydenlund og andre frivillige organisasjonar.

Valdresmusea har avtale med Randsfjordmuseet om samarbeid på mangfaldsområdet. Ein har godt samarbeid med dei andre musea i Innlandet òg, og jobbar i 2026 fortsatt for eit framtidig samarbeid med Stiftelsen Lillehammer Museum om fjernlagring av kulturhistoriske gjenstandar.

Valdresmusea deltek i fem museumsnettverk og driv eitt av dei, Drakt- og tekstilnettverket. Dei andre nettverka er Musikknettverket, Kulturlandskapsnettverket, Nettverk for kvinnehistorie og Bygningsvern- og handverksnettverket.

Stortingsmeldingar

Stortingsmelding nr. 23 (2020–2021) «Musea i samfunnet – Tillit, ting og tid» er eit viktig politisk styringsdokument. Denne seier at musea skal prioritere forskning, mangfald og inkludering. Den oppmodar òg til samarbeid med aktørar utanfor museumssektoren.

Økonomi og administrasjon

Omfattar økonomi, drift, sikring og personal

Valdresmusea skal vere ein dynamisk organisasjon med høg kompetanse og godt arbeidsmiljø. Det er eit mål at Valdresmusea skal vere den mest ettertrakta kulturarbeidsplassen i Valdres. Skal ein behalde posisjonen som det fremste museet i arbeidet med levande tradisjonskultur, må ein sikre seg dei beste folka.

Spissing av profil og konsolidering omkring dei nasjonale oppgåvene har vore viktig for omdømet til museet. Det har òg auka tilgangen til økonomiske ressursar – noko som har gjort arbeidet ved museet rikare og meir mangfaldig. Kravet til auka eigeninntening har òg ført til tettare samarbeid med privat sektor. Tiltak finansierte med prosjektstøtte i 2026:

- Demokratilæreprosjektet «Ung i debatten»
- Handverkssatsinga «Kloke hender – unge talent»
- Handverkssatsinga «Mathandverk og levande stølskultur»
- Formidlingprosjektet «Kunnskapsløft for middelalderkirkene i Valdres»
- Utgreiinga «Kulturarven og samfunnet»
- Utgreiinga «Ny instrumentverkstad på Valdres Folkemuseum»
- Rehabilitering av Frigstadplassen
- Kurs i eldre handverksteknikkar

Det er dei offentlege tilskotta som ber økonomien i museet. Av det samla offentlege tilskottet utgjer det kommunale tilskottet cirka 7 %, det fylkeskommunale cirka 17 %, og det statlege tilskottet 78 %. Det statlege tilskottet omfattar òg det øyremerkte tilskottet til NBF.

Sentrale oppgåver for administrasjonen i 2026 er:

- Følgje opp budsjettsøknaden og dialogen med staten
- Følgje opp kommunane og dialogen om ny driftsavtale
- Følgje opp arbeidet med ny HMS- og personalhandbok
- Følgje opp arbeidet med ny lønspolitisk plan
- Følgje opp implementeringa av saksarkivsystemet Documaster
- Følgje opp prosess for etablering av flaumvern

Arbeidet med budsjett og økonomikontroll er forankra i leiargruppa med jamleg rapportering til styret, samt gjennomgang og kontroll av prosjekt, resultat og prognosar.

Museumsfagleg arbeid og utvikling

Omfattar forskning, formidling, forvaltning og fornying

Den museumsfaglege innsatsen følgjer dei fire f-ane; forskning, formidling, forvaltning og fornying. Frå Kulturdirektoratet får Valdresmusea særleg god tilbakemelding for arbeidet med formidling, men også forskings- og forvaltingsinnsatsen har vorte styrka dei siste åra.

Dei fire satsingsområda representerer tradisjonelle emne som i liten grad er fanga opp av andre museum. I arbeidet med satsingsområda tek museet eit *nasjonalt* og *internasjonalt* ansvar.

Bunad og folkedrakt, folkemusikk og folkedans, bygningsvern og støls- og hyttekultur er dei fire kulturhistoriske satsingsområda til museet. I tillegg er mangfald, samfunnsrolle, inkludering, berekraft og immateriell kulturarv viktige perspektiv som KUD ber musea legge særleg til grunn.

Berekraft, mangfald og samfunnsrolle og inkludering

Dei siste åra har det meldt seg forventningar til at musea skal ta eit større samfunnsansvar. Her har Valdresmusea bidrege til utvikling av sektoren med ei kritisk drøfting av dei praksisane som musea og samfunnet styrer etter. Dei siste åra har tema som mangfald og utanforskap, og emne råka av konflikt og usemje prega delar av arbeidet. Utstillinga «Fargerike fellesskap – kvitt raseri» utfordrar førestillingar om nasjonen som ein homogen fellesskap.

I etterkant av Sannings- og forsoningskommisjonen sin rapport i 2023, har Stortinget forsterka forventningane om at musea i større grad må legge til rette for dialog, inkludering og mangfald, særleg overfor minoritetar og urbefolkningsgrupper. I samarbeid med Sametinget og Saemien Sijte fekk ein i 2025 på plass utstillinga om Lussi Kant (–1944) på Valdres Folkemuseum.

Musea er del av demokratiets infrastruktur, men demokratiet funkar ikkje om ikkje alle kjenner seg heime i det. Musea har derfor ei viktig oppgåve i å ta vare på minne etter alle menneske. I 2026 held Valdresmusea fram arbeidet med dokumentasjon av historia etter den skeive handelspioneren Ingebjørg T. Robøle (1892–1986) frå Vestre Slidre.

Sjølvsberging og naturforvaltning er stikkord for studie av eldre kultur. Dei siste åra har berekraft segla opp som diskusjonstema og stadig fleire spør korleis musea kan bidra med kunnskap og innsikt på dette området. I spørsmål om forvaltning av naturressursar møter ein store interesse-motsetningar. Valdresmusea avslutta i 2025 samfunnsrollaktørprosjektet «Eit skigardsdele», men jobbar vidare med tematikkar frå dette prosjektet.

For Valdresmusea er sosial berekraft ein viktig dimensjon i alt vi gjer. For Valdresmusea er målet å drive arbeidet med respekt for einskildmenneske og gode museumstradisjonar. Arbeidet skal vere relevant og tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosial og økonomisk bakgrunn. Valdresmusea held i 2026 fram deltakinga i inkluderingssatsinga INKLU.

Immateriell kulturarv

I 2007 ratifiserte Stortinget UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv. Konvensjonen legg føringar for korleis vi skal arbeide med denne delen av kulturarven. Musea har plikt til å gjennomføre tiltak på dette området. I Noreg er det Kulturdirektoratet som koordinerer arbeidet.

Valdresmusea arbeider for å realisere måla med konvensjonen. Saman med organisasjonar og enkeltpersonar bidreg museet til å sikre livsvilkåra for småe kulturelle ytringsformer. Dette gjeld særleg for folkemusikken, folkedansen, folkemusikkinstrumenta, bunaden og handverka.

Arbeid med bygningsvern handlar ikkje berre om å ta vare på kulturminne, men òg om sirkulærøkonomi, gjenbruk og forlenga levetid på bygg. Vidareføring av tradisjonskunnskap kan mellom anna føre til at vi blir betre til å reparere i staden for å bygge nytt.

Saman med ei rekke organisasjonar har NBF bidrege til nominasjon av den norske bunadbruken til UNESCO si representative liste. På UNESCO sitt møte i desember 2024 vart både bunaden og setertradisjonane skrive inn. Som del av oppfølginga av innskrivinga har NBF utarbeidd forslag ei rekke tiltak, aktivitetar og arrangement.

Sentrale oppgåver i arbeidet med mangfald, samfunnsrolle og immateriell kulturarv i 2026:

- Mangfald: Drive demokrati- og mangfaldsprosjektet «Ung i debatten»
- Inkludering: Halde fram deltakinga i INKLU
- Inkludering: Utarbeide ein tilgjengelegheitsguide
- Inkludering: Prosjektere ny tilkomst til Jonsheggebygningen og Rognebygningen
- Inkludering: Utarbeide 10 nye avlastningsbenkar i friluftsmuseet (VFM)
- Inkludering: Utvikle informasjonsskilt om farar ved ferdsel på friluftsmuseet
- Inkludering: Utvikle eit bedriftssamarbeid med Hilme og Beitostølen Helsesportsenter
- Berekraft: Ferdigstille arbeidet med Miljøfyrtårsertifisering
- IKA: Gjennomføre kurs i eldre handverksteknikkar
- IKA: Vidareutvikle formidlingstilbodet i friluftsmuseet
- IKA: Halde fram produksjonen av langeleikar, hardingfeler og strenger
- IKA: Drive ungdomssatsinga «Kloke hender – Unge talent viser veg»
- IKA: Drive ungdomssatsinga «Mathandverk og levande stølskultur»
- IKA: Halde fram hospitantsamarbeidet med Norsk håndverksinstitutt
- IKA: Arrangere samling i Bunadopplæringa
- IKA: Drive Drakt og Samfunn i samarbeid med USN
- IKA: Halde fram rådgjeving for bunadtilverkarar

Forsking

Omfattar forskningstid til utvalde medarbeidarar og utvikling av nye prosjekt.

Forskinga ved Valdresmusea og Norsk institutt for bunad og folkedrakt skal legge grunnlaget for arbeidet med innsamling, dokumentasjon og formidling, samt rekonstruksjon av bunader og historiske musikkinstrument. Forskinga spring ut av kjeldearbeidet i arkiva og samlingane og kompetansen hjå dei tilsette.

Målet med forkinga er å utvikle satsingsområda gjennom ny kunnskap. Gjennom forking legg ein vinn på å formidle nye perspektiv og komplekse samanhengar. Dette er avgjerande dersom museet skal leve opp til rolla som kritisk og relevant samfunnsaktør.

Valdresmusea har eit lite og ivrig forskingsmiljø med bakgrunn i faga etnologi, kunsthistorie og arkeologi. Museet har ein tilsett med NMF-autorisasjon. I 2026 er staben styrka med ein forskar med doktorgrad. Det er eit mål å ferdigstille arbeidet med ein forskingsplan i 2026.

I 2026 gir Valdresmusea ut ein publikasjon med tema frå jernalder, vikingtid og mellomalder. Boka kjem ut på Museumsforlaget og er eit resultat av 1000-årsmarkeringa av kristninga i 2023. Som følgje av nytilsettinga i 2026 vil ein følgje opp ei rekke initiativ og tidlegare forskingsprosjekt med tema frå eldre historie, slik som «Smijern i middelalderen», «Setring» (samarbeid med UiB), «Kunnskapsløft for middelalderkirkene i Valdres» og andre prosjekt.

Valdresmusea er tilknytt NIBIO sitt beiteforskningsprosjekt «Endringer i utmarksbeiting og setring – årsaker, virkninger og tiltak», NIBIO sin EU-søknad «Cultivate» og UiO sin søknad om støtte til prosjektet «Crisolation», som handlar om sosiale og kulturelle utfordringar på bygda i Noreg.

Forsking- og forskingsrelatert arbeid ved Valdresmusea i 2026:

- Ferdigstille forskingsplan
- Ferdigstille boka «Valdres i eldre tid – jern, kyrkje og makt». Samarbeidsavtale med Museumsforlaget og planlagt utgiving er 14. mars.
- Ferdigstille bokprosjekt basert på doktorgrad/postdoktorarbeid. Samarbeidsavtale med Cappelen Damm og planlagt utgiving innan utgangen av 2026 (stipend frå NFFO).
- Delta i NFR-prosjektet Unsustainable? Past Impacts and Future Challenges of Volcanic Climate Shocks (Clim-SHOCK) – UiO: Energy and Environment.
- Delta i NFR-prosjektet Socionatural entanglements in Little Ice Age Norway, 1500–1800 (ClimateCultures) – Department of Archaeology, Conservation and History.
- Delta i GIFT-prosjektet drive av Norsk Folkemuseum. Valdresmusea skal produsere ein fagartikkel om Frigstadplassen på Valdres Folkemuseum.

- Følgje opp jernforseringsprosjektet «Smijern i middelalderen – gammelt håndverk, ny kunnskap». Prosjektet er drive av tidlegare direktør Torill Thømt.
- Identifisere kompetanse- og kunnskapsbehovet i prosjektet «Kunnskapsløft for middelalderkirkene i Valdres».
- Gjennomføre fem feltarbeid (NBF).
- Halde fram prosjektet Interweaving Norway and Scotland through dress, med kunstnarutvekslinga «Interweaving threads Residency, i samarbeid med MUHO i Noreg, samt Cove Park i Argyll and Bute og the National Museum of Scotland (NBF).
- Skrive forskingsartikkel om sørgeplagg i Midt-Hordaland til antologi om dødens kulturhistorie, eit samarbeid med Norsk Folkemuseum og Universitetet i Sørøst Norge.

Formidling

Omfattar programmering, utstilling, arrangement, kurs, seminar, omvising, rådgjeving, publisering, skuleformidling, kommunikasjon, merkevarebygging, butikk og sal.

Med formidling skal vi nå eit breitt publikum med variert kunnskap og ulike opplevingar, bidra til fysiske og digitale besøk, fremje dialog og kritisk refleksjon, bidra til rekruttering i tradisjonskultur, og skapa ringverknadar for menneske og samfunn – lokalt og nasjonalt.

Arbeidet med utstilling blir omtala som modig når det kjem til val av tematikk, og museet evner å formidle kritiske perspektiv og komplekse samanhengar. Arbeidet med utstilling skjer på lokalt og nasjonalt nivå. Med foredrag, kurs, seminar og festivalar markerer Valdresmusea seg lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Aktiviteten er omfattande og rommar eit spekter av uttrykk.

Ikkje alle kjenner seg heime på musea og mange livshistorier har vore vanskelege å formidle. Derfor er musea utfordra i spørsmålet om *kven* ein set i sentrum for formidlinga og korleis ein kan nå *fleire*. Med ei breitt spekter av aktivitetar gjer Valdresmusea eit forsøk på å nå fleire, og fagleg drøfte spørsmål som mangfald, representasjon, makt, deltaking og demokrati.

Prioriterte formidlingstiltak i 2026 er:

- Ferdigstille formidlingsplan for perioden 2026–2030
- Produsere ny krigshistorisk utstilling på Bagn Bygdesamling
- Produsere utandørs fotoutstilling (om gravferd) på Valdres Folkemuseum
- Arrangere Hilme, Hemsingfestivalen, Valdres sommersymfoni og Landbruksdagen
- Drive demokratilæreprogrammet «Ung i dialogen» for barn og unge
- Drive handverkskurs, «Kloke hender» og «Mathandverk og levande stølskultur»
- Gjennomføre to samlingar i kursrekka Bunadopplæringa (NBF)

- Gjennomføre 125-årsmarkering for Valdres Folkemuseum
- Gjennomføre landsmøte for Forbundet for norske museumsvenner
- Gjennomføre Oktoberseminaret i samarbeid med Randsfjordmuseet
- Gjennomføre Fagdagar i bunad og folkedrakt (NBF)
- Gjennomføre nettverkssamling i Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil (NBF)
- Gjennomføre samling i Løfte Handverket, der NBF sit i ressursgruppa, med NHI (NBF)
- Gjennomføre nettverkssamling i Forum for levende kulturarv(NBF)
- Produsere filmar og reels, pressemeldingar og annonser, jf. eigen plan
- Iverksette tiltak for styrka tilgjengelegheit for alle (symbol, ord og brukargrupper)
- Søke om nye midlar til samfunnsrolleaktørprosjekt

Forvalting

Omfattar arbeid med gjenstandar, arkiv, bygningsvern og landskapspleie.

Samling og arkiv

Valdresmusea forvaltar store samlingar. Desse representerer ein tradisjonell bygdekultur og er skapte med utgangspunkt i ein eldre innsamlingspolitikk. Samlingane er flotte i seg sjølv, men manglar gjerne breidde og samfunnsmessige representasjon. Arkiva romar større sosial og kulturell variasjon, og utgjør ein meir heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

Valdresmusea sine samlingar og arkiva representerer dei viktigaste minna og erfaringane til innbyggjarane i Valdres. Valdresmusea skal sikre ei berekraftig forvalting av samlingane og arkiva ved alle dei tre avdelingane. Innsamlinga skal sikre samfunnsmessig breidde og representasjon, og styrke satsingsområda. Forvaltinga skal bidra til vidareføring av tradisjon og kunnskap.

Valdresmusea forvaltar den største kulturhistoriske samlinga i Valdres; 29 000 gjenstandar, 110 historiske bygningar, 700 privatarkiv, 16 000 lydfiler, 100 000 nasjonale draktregistreringar, 100 000 historiske foto og 300 000 dokumentasjonsfoto. Det er god framdrift i arbeidet med å registrere og digitalisere samlingane og arkiva.

I 2021 starta Valdresmusea eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av historisk lyd-, film- og fotomateriale. Dette arbeidet held fram i 2026. Sjå elles detaljert tiltaksliste bakast.

Bygningsvern

Valdresmusea har behov for fleire dedikerte handverkarar. I 2023 vart det tilsett ein handverkar i 40 % stilling i Hedalen. I 2025 vart det tilsett ein handverkar i 100 % stilling på Fagernes. Ein held fram med å kjøpe tenester på dette området. I budsjettsøknaden til KUD for 2027 er det lagt inn behov om ressursar til ytterlegare ein handverkar.

I 2021 fekk Valdresmusea ein million kroner til restaureringstiltak på stølsområdet på Valdres Folkemuseum. Tildelinga var del av ei nasjonal satsing på bygningsvern på museum. Tiltaket blir ferdigstilt i 2026. I 2026 blir det søkt midlar frå Riksantikvaren og Innlandet fylkeskommune til oppstart restaurering av Hoviloftet på Valdres Folkemuseum.

Prioriterte tiltak i 2026:

- Ferdigstille alle tiltak på Frigstadplassen (VFM)
- Følgje opp områdeplan for stølsområdet (VFM)
- Ferdigstille Klavesneihuset (VFM)
- Oppstart tiltak på Hoviloftet (VFM)
- Gjennomføre tiltak på seterbu frå Svartfjell (VFM)
- Vedlikehald av vindauge og utdør på Stabelbygningen (BB)
- Ferdigstille fiskebu (BS)

Sikring

Arbeid med sikring handlar om å redusere risiko for skade for besøkande og tilsette, og å hindre skade på anlegg og historiske verdiar. Ei sikringsgruppe gjennomfører årleg risikokartlegging.

Prioriterte tiltak i 2026:

- Ferdigstille ROS-analyse for Bautahaugen Samlinger
- Revidere ROS-analyse for Valdres Folkemuseum
- Revidere sikringsplan for Valdresmusea (kjøpe ekstern teneste)
- Ferdigstille brannteknisk rapport for velkomstbygget og administrasjonsbygget

- Følgje opp søknadar til NVE og kommunane om etablering av flaumvoll (VFM)
- Ferdigstille belysningstiltak i butikken i Velkomstbygget (VFM)
- Ferdigstille HMS-handbok
- Følgje opp spørsmål rundt automatisk slokkeanlegg for handtering av frityr på kjøkken
- Vurdere å kartlegge helseskadlege stoff i magasina (følgje opp giftprosjektet)
- Utvikle informasjonsskilt om farar ved ferdsel på friluftsmuseet (fall, drukning, eld)

Fornyng

Omfattar utvikling og fornying av system, infrastruktur, samarbeid og rutinar.

Valdresmusea er i stadig utvikling. I 2026 blir det jobba med ei rekke utgreiingssaker som *kan* få betydning for museets tilgang til ressursar i framtida. Sakane har forankring i styrets strategi, og dei bidreg til å nå måla med Stortingsmelding nr. 23 «Musea i samfunnet – Tillit, ting og tid».

Sakene blir berre stikkordsmessig nemnt her, men er grundig omtala i sak 15/2025 i styremøte i Valdresmusea. Dei åtte sakene gjeld: 1) fornya innsats for Bagnsbergatn, 2) skisse og kalkyle for ny instrumentverkstad på Valdres Folkemuseum, 3) søknad til kommunane og NVE om støtte til flaumsikringstiltak på Valdres Folkemuseum, 4) søknad til Kirkebevaringsfondet om støtte til eit formidlingsprosjekt, 5) arbeid med ny krigshistorisk utstilling på Bagn Bygdesamling, 6) utgreiing om regional organisering på kulturarvsområdet, 7) ny driftsavtale med valdreskommunane og 8) revisjon av vedtekter og strategi.

Gjennom museumsnettverka og i samarbeid med andre aktørar skal Valdresmusea bidra til utvikling av sektoren. Valdresmusea og Innlandsarkiva har i fleire år vore i dialog med Senter for folkemusikk og folkedans og Nasjonalbiblioteket om nytt fagsystem for folkemusikkarkiva. Vi held fram dialogen og prosjektet også i 2026.

Evna til fagleg utvikling er styrd av dei til ein kvar tid tilgjengelege økonomiske ressursane. Det har lenge vore eit signal frå myndigheitene at dei offentlege tilskotta ikkje vil auke, og at musea derfor må styrke dei eigenskapte inntektene. I 2026 skal Valdresmusea følgje opp arbeidet frå kulturbedriftsnettverket med søknad til Innlandet fylkeskommune og Sparebankstiftelsen DNB. Det er Valdresmusea og Hilme som dreg arbeidet.

Prioriterte oppgåver i 2026 er:

- Politisk dialog om statleg finansiering for Bagnsbergatn Nasjonale Krigsminne
- Skisse og kalkyle for ny instrumentverkstad på Valdres Folkemuseum
- Utgreiing om regional organisering på kulturarvsområdet
- Ny driftsavtale med valdreskommunane
- Revisjon av vedtekter og strategi
- Søknad om prosjektmidlar frå Innlandet fylkeskommune til reiselivs- og INKLU-tiltak
- Ny digital infrastruktur for lydarkiva

Detaljert tiltaksplan

1. Administrativt arbeid

- Følgje opp budsjettsøknaden og dialogen med staten
 - Følgje opp kommunane og dialogen om ny driftsavtale
 - Følgje opp arbeidet med ny HMS- og personalhandbok
 - Følgje opp arbeidet med ny lønspolitisk plan
 - Følgje opp implementeringa av saksarkivsystemet Documaster
 - Følgje opp prosess for etablering av flaumvern
 - Følgje opp leverandørar, samarbeidspartar, system og driftsavtaler
 - Ferdigstille arbeidet med Miljøfyrtårsertifisering
-
- Halde fram deltakinga i INKLU
 - Utarbeide ein tilgjengelegheitsguide
 - Prosjektere ny tilkomst til Jonsheggebygningen og Rognebygningen
 - Utarbeide 10 nye avlastningsbenkar i friluftsmuseet (VFM)
 - Utvikle informasjonsskilt om farar ved ferdsel på friluftsmuseet
 - Utvikle eit bedriftssamarbeid med Hilme og Beitostølen Helsesportsenter
-
- Utvikle nettsida med tilgjengelegheitssymbol (Access Norway verktøykassa)
 - Kjøpe inn mobilt lydutstyr for gruppeomvisning
 - Legge planar for nye skilt på friluftsmuseet (med symbol)

2. Kulturhistorisk arbeid

- Ferdigstille formidlingsplan
 - Søke om nye midlar til samfunnsrolleaktørprosjekt
 - Utarbeide prosjektsøknadar og følgje opp eksisterande søknadar og prosjekt
-
- Følgje opp utviklingsoppgåver på arkivområdet (Innlandsarkiva og Nasjonalbiblioteket)
 - Følgje opp deltakinga i dei nasjonale museumsnettverka
 - Følgje opp Museumsforum Innlandet
 - Følgje opp høyringssvar og fagpolitisk arbeid
 - Følgje opp samarbeidet med vennelag, frivillige, festivalar og andre
-
- Prioritere formidling knytt til handverk, folkemusikk, bunad, stølskultur og kyrkjer
 - Gjennomføre tiltak i Peisestuen og på stølsområdet, jf. plan

Forsking

- Ferdigstille forskingsplan
-
- Ferdigstille boka «Valdres i eldre tid – jern, kyrkje og makt». Samarbeidsavtale med Museumsforlaget og planlagt utgiving er 14. mars.

- Ferdigstille bokprosjekt basert på doktorgrad/postdoktorarbeid. Samarbeidsavtale med Cappelen Damm og planlagt utgiving innan utgangen av 2026 (stipend frå NFFO).
- Delta i NFR-prosjektet Unsustainable? Past Impacts and Future Challenges of Volcanic Climate Shocks (Clim-SHOCK) – UiO: Energy and Environment.
- Delta i NFR-prosjektet Socionatural entanglements in Little Ice Age Norway, 1500–1800 (ClimateCultures) – Department of Archaeology, Conservation and History.
- Delta i GIFT-prosjektet drive av Norsk Folkemuseum. Valdresmusea skal produsere ein fagartikkel om Frigstadplassen på Valdres Folkemuseum.
- Følgje opp jernforskningsprosjektet «Smijern i middelalderen – gammelt håndverk, ny kunnskap». Prosjektet er drive av tidlegare direktør Torill Thømt.
- Identifisere kompetanse- og kunnskapsbehovet i prosjektet «Kunnskapsløft for middelalderkirkene i Valdres».
- Gjennomføre fem feltarbeid (NBF).
- Halde fram prosjektet Interweaving Norway and Scotland through dress, med kunstnarutvekslinga «Interweaving threads Residency, i samarbeid med MUHO i Noreg, samt Cove Park i Argyll and Bute og the National Museum of Scotland (NBF).
- Skrive forskingsartikkel om sørgeplagg i Midt-Hordaland til antologi om dødens kulturhistorie, i samarbeid med Norsk Folkemuseum og Universitetet i Sørøst Norge.

Utstilling

- Produsere ny krigshistorisk utstilling på Bagn Bygdesamling
- Produsere utandørs fotoutstilling (om gravferd) på Valdres Folkemuseum

Arrangement og museumsaktivitetar

- Gjennomføre sommarsesong
- Arrangere foredrag, konsertar, omvisingar og andre arrangement
- Utvikle museet som møtestad for unge musikarar, dansarar og handverkarar (VFM)
- Arrangere Hilme, Hemsingfestivalen, Valdres sommersymfoni og Landbruksdagen
- Gjennomføre 125-årsmarkering for Valdres Folkemuseum

Kurs og opplæring

- Gjennomføre undervisningstilbod gjennom «Den kulturelle skulesekken»
- Drive demokratilæreprogrammet «Ung i dialogen» for barn og unge
- Drive handverkskurs for vakse
- Drive «Kloke hender» og «Mathandverk og levande stølskultur» – kurs for barn og unge
- Gjennomføre to samlingar i kursrekka Bunadopplæringa (NBF)

Intern fagleg kompetanseheving

- Vidareutvikle opplæringskurs for sommartilsette
- Vidareutvikle opplæringskanal for formidling og arbeidsrutinar på lukka heimsideområde
- Delta på relevante fagsamlingar
- Styrke kompetansen i folkedialog, intervju- og filmproduksjon

Seminar og fagdagar

- Gjennomføre landsmøte for Forbundet for norske museumsvenner
- Gjennomføre Oktoberseminaret i samarbeid med Randsfjordmuseet
- Gjennomføre Fagdagar i bunad og folkedrakt (NBF)
- Gjennomføre nettverkssamling i Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil (NBF)
- Gjennomføre samling i Løfte Handverket, der NBF sit i ressursgruppa, med NHI (NBF)
- Gjennomføre nettverkssamling i Forum for levende kulturarv(NBF)

Informasjon, marknadsføring og sal

- Produsere skilt, jf. eigen plan
- Produsere filmar og reels, pressemeldingar og annonser, jf. eigen plan
- Produsere innhald til heimeside, DM, Arkivportalen, Facebook, Instagram, YouTube
- Drive sals- og marknadsfremjande tiltak
- Skrive kronikkar, meningsstoff og debattinnlegg
- Iverksette tiltak for styrka tilgjengelegheit for alle (symbol, ord og brukargrupper)
- Styrke arbeidet med sal av årskort og billetter

Regionalt og nasjonalt samarbeid

- Styrke samarbeidet med kyrkja
- Styrke samarbeidet med opne stolar
- Styrke samarbeidet med frivilligheita
- Styrke samarbeidet med Fortidsminneforeningen

Samling

- Registrere totalt 200 gjenstandar i Primus og publisere 200 registreringar på DM
- Drive langsiktig registrering av gjenstandar på Bautahaugen samlinger
- Drive langsiktig registrering av gjenstandar på Bagn Bygdesamling
- Drive langsiktig registreringsarbeid i samarbeid med frivillige på Valdres Folkemuseum
- Registrere og ordne alle gjenstandane i minst eitt rom ute i friluftsmuseet (VFM)
- Overhalde inntaket av gjenstandar til eit minimum (helst under 20 enkeltobjekt)
- Sikre gode oppbevaringsforhold i utstillingane (VFM)
- Overvake oppbevaringsforholda i magasin (VFM, BB, BS)

Fotoarkiv

- Registrere og publisere 600–1000 foto

Privatarkiv

- Fortløpande ta imot og forsvarleg bevare, ordne og registrere innkomne arkiv
- Halde auga opne for arkivmateriale etter lite dokumenterte grupper

- Publisere 50 arkiv på arkivportalen.no (arkivnivå)
- Delta på samlingar ved Innlandsarkiva
- Søke om arkivsikringsmidlar

Lydarkiv

- Samarbeide med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av lyd
- Lage langsiktig plan for dokumentasjon av Lokalkappleiken og Jørn Hilme-stemnet
- Ordne og registrere nye opptak
- Eksportere og lagre data i KulturNav frå Fiol i samarbeid med Innlandsarkiva og KulturIT
- Legge til rette for elevar, lærarar og studentar som spelar og studerer folkemusikk
- Følge opp lokal tilskottsordning for folkemusikk- og folkedansproduksjonar

Dokumentasjonsarbeid/feltarbeid

- Dokumentere eit utval av dagens yngre og eldre utøvarar i folkemusikkmiljøet
- Dokumentere Valdreskappleiken og Jørn Hilme-stemnet
- Dokumentere instrumentmakarar i samarbeid med ekstern filmfotograf
- Filme og publisere minst to foredrag og dei fleste seminarar
- Produsere og publisere minst to dokumentasjonsfilmar om handverk og tradisjon
- Foreta fire lengre feltarbeid ulike stader i landet (NBF)
- Innsamlingsprosjekt knytt til Ingebjørg T. Robøle (1892–1986)
- Kartlegge formidling i mellomalderkyrkjene

Instrumentverkstaden

- Produsere ei hardingfele
- Utføre 100 reparasjonar på folkemusikkinstrument
- Produsere 6000 instrumentstrengar
- Lære opp ung tradisjonshandverkar/hospitant
- Rådgeving til hobbyhandverkarar og musikarar

3. Antikvarisk arbeid

Valdres Folkemuseum

- Reparere råteskader på stallen på Frigstadplassen
- Produsere og legge takbord på stallen på Frigstadplassen
- Produsere og legge takbord på fjøset på Frigstadplassen
- Ferdigstille restaurering av stove på Frigstadplassen (pipe og tak)
- Fornye skigarden ved Velkomstbygget
- Fornye mjølkerampa på parkeringsplassen
- Starte planlegging for oppgradering av fangstanlegg på fjellområdet
- Følgje opp områdeplan for stølsområdet (utarbeidd av Anno Museum)
- Lage ny låvebru på Kvie
- Restaurere tak-kant på baksida av Rognebygningen
- Legge never på vindskier på Skattebustogo
- Ferdigstille Klavesneihuset (inkl. tak)

- Legge midlertidig undertak på Handeloftet
- Oppstart tiltak på Hoviloftet
- Gjennomføre diverse tiltak på Øydgardsselet
- Reparere taket på Galdebergsbua
- Gjennomføre tiltak på seterbua frå Svartfjell

Bagn Bygdesamling

- Vedlikehald av vindauge og utdør på Stabelbygningen
- Reinske tak for mose
- Vurdere tak på stabbur frå Nedre Bagn, eventuelt legge om dette (flistak)
- Rydde opp etter takarbeid på Stabelbygningen

Bautahaugen Samlinger

- Kartlegge tilstanden og utarbeide kalkyle for tiltak på grunnmuren under Brakadokka
- Legge flistak på Brakadokka
- Lage takoverbygg over kjerre ved hestevandringa
- Fornye skigard og gjerde
- Ferdigstille fiskebu

Anna

- Dokumentere alle tiltak i FDV-modul i Primus og NS 16096:2012
- Ferdigstille «Uteplass for leik» (med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB)